



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2016

Fylkesrådet for eldre



Innhold

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019	2
Handlingsprogram 2016–2019	2
Aktivitetsåret 2016	2
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	4
Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre	5
Til NAV Sogn og Fjordane	5
Elektroniske bussbilletter på ekspressbussar	5
Utgreiingsrapporten «Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur».....	5
Til regionalt brukerutvalg i Helse Vest vedrørende representantskap	5
Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2016.....	6
Til Forbrukarrådet	6
Innspel til nasjonal transportplan 2018–2029	6
Til fylkeslegen om fysioterapitenester	7
Innspel til økonomiplan 2017–2020.....	7
Tannhelse og munnpleie for eldre – til fylkestannlegen.....	7
Til samferdsleavdelinga om rutehefte	8
Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017–2019	8
Strategisk plan for kysten 2017–2025.....	8
Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket	8
Høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar	8
Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland	8

«Alder er bare et tall. Men alder er også erfaring, innsikt og klokskap».
(Statens seniorråd)

«Alderdommen eksisterer ikke. Det finnes mennesker som er mindre unge enn andre. Det er det hele». (Simone de Beauvoir)

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemmer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015–2019:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)
Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistforbundet)
Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistforbundet)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensjonistane)
Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensjonistane)

Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)
Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Netland (Utdanningsforbundet)
Varamedlem: Per-Atle Holmøyvik (Utdanningsforbundet)

Fylkesrådet for eldre konstituerte seg sjølve i møte 2. februar 2016:
Harald Ekroll - leiar
Anna Sofia Skaar - nestleiar

Fylkeskommunale og kommunale eldreråd er lovpålagt gjennom *Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar av 8. november 1991*. Lova vart sist endra 15. juni 2007. Meir detaljar om lova finn de her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-11-08-76>

Handlingsprogram 2016–2019

Fylkesrådet for eldre starta på arbeidet i 2016 med å utarbeide ein handlingsplan for perioden 2016 – 2019. Arbeidet med handlingsprogrammet skal vere ferdig i første kvartal 2017.

Aktivitetsåret 2016

Fylkesrådet for eldre gjennomførte 4 rådsmøter og handsama 18 saker i 2016. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 39 skriv og meldingar.

Fylkesrådet for eldre har i staden for ein stor fylkeskonferanse valt å ta opp ulike tema i avgrensa område i fylket. Sjå elles informasjon om møte den 24. november 2016.

2. februar: konstituerte fylkesrådet for eldre seg, der Harald Ekroll vart valt som leiar og Anna Sofia Skaar vart valt som nestleiar. Assisterande fylkesrådmann Paal Fosdal var med i starten av møte og informerte om fylkeskommunen.

Fylkesrådet for eldre starta i dette møte med arbeidet med handlingsplan for 2016 – 2019, og korleis fylkesrådet ynskjer å jobbe i denne perioden.

Fylkesrådet vedtok uttalar til fyljande saker i dette møte (sjå vedlegg):

- Til NAV om hjelp til å fylle ut reiserekningar
- Elektroniske bussbillett på ekspressbussar
- Utgreiingsrapporten «Tannehelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur»

26. april: vart møte halde i samband med Vestlandssamlinga på Sola Strand Hotel. I møte vedtok fylkesrådet uttalar til fyljande saker (sjå vedlegg):

- Til Forbrukarrådet
- Innspel til nasjonal transportplan 2018–2029
- Til fylkeslegen om fysioterapitenester
- Innspel til økonomiplan 2017–2020

6. september: var det møte på Fylkeshuset på Leikanger, der fylkesrådet valde representantar til brukarutvalet i Sogn og Fjordane og brukarutvalet i Helse Vest. I tillegg vedtok fylkesrådet uttale til fylgjande saker (sjå vedlegg):

- Tannhelse og munnpleie for eldre – til fylkestannlegen
- Til samferdsleavdelinga om rutehefte
- Innspel til endringar i rutetilbodet frå 19. juni 2017
- Strategisk plan for kysten 2017–2025
- Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket

24. november: var det fellesmøte i Dale der eldreråda i Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund var inviterte. Jorunn Bakke Nydal frå nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen orienterte om musikkterapi. Musikkterapi handlar om å sjå heile mennesket.

For å møte morgondagen sine utfordringar innan pleie og omsorg er førebyggjande arbeid og heilskapstenking nøkkelen for å lukkast. Det er viktig å få til dei gode møta. «Lev vel – gode kvardagar for eldre» er eit samarbeidsprosjekt som tek omsyn til denne heilskapstenkinga.

Slutten av møte vart brukt til informasjonsutveksling mellom dei kommunale råda og fylkesrådet for eldre.

I forkant av fellesmøte hadde fylkesrådet for eldre møte laga uttale til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, uttale til høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar. Sjå vedlegg.



Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

- Kurset «Eldrerådet i arbeid» 11. februar på Skei, der Fagakademiet stod som arrangør for kurset. Dette var eit kurs for medlemmane i dei kommunale råda i fylket, og for fylkesrådet. Kursdeltakarane fekk undervisning i forankring av arbeidet til elderråda, gjennomgang av elderrådet sitt praktiske arbeid og område med konsekvensar for arbeidet i elderrådet. Alle medlemmane i fylkesrådet for eldre deltok på kurset, i tillegg til sekretær.

- Vestlandssamlinga 26.–27. april, der fylkesrådet for eldre i Rogaland sto som arrangør av samlinga som vart halden på Sola Strand hotell. Det var fagleg samling på Måltidets Hus, praktisk informasjon frå elderråda, informasjon frå Helse Vest, informasjon frå samferdsleavdelinga i Rogaland fylkeskommune om nytt takstsystem på buss og båt, og TT-ordninga. I tillegg skreiv dei tre fylkesråda felles uttale til Helse



Informasjon på Måltidets Hus

- Vest og til landskonferansen 2016. Sjå vedlegg. Alle medlemmane i fylkesrådet for eldre deltok på konferansen, i tillegg til sekretær.



Fylkesråda i dei tre fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland samla på Sola Strand Hotel.

- Landskonferansen 30. mai–1. juni vart arrangert av fylkesrådet i Oppland. Fylgjande tema som var på konferansen: Trafikksikkerheit, sunn og aktiv aldring – ei oppgåve for elderråda, korleis arbeider pensjonistforbundet og kva oppgåver har dei, paneldebatt om rolla til elderråda, informasjon frå kvart fylkesråd, eldre og helsevesenet, informasjon frå pasient- og brukarombud i Hedmark og Oppland, eldre og folkehelse, framtidige konferansar og «Den kulturelle spaserstokken». Anna Sofia, Harald, Kristoffer og Aud Karin deltok på landskonferansen.

Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre

Til NAV Sogn og Fjordane

«Fylkesrådet for eldre viser til uttalen frå eldrerådet i Luster, og meiner at denne servicen burde NAV tilby til dei som ynskjer. Fylkesrådet ser at det er dei eldre som vert skadelidande, i og med at dei ikkje sender inn refusjonskrav».

Eldrerådet i Luster har sendt brev til NAV Luster (med kopi til fylkesrådet for eldre) med fylgjande innhald: «Eldrerådet er kjende med at eldre og andre ikkje har fått hjelp på NAV til å fylla ut reiserekningar. Dei har m.a. vorte viste til ein pc og blitt nekta anna form forretteiing/hjelp. Det meiner Eldrerådet er for dårleg service for dei eldre. Mange har aldri hatt og brukt ei datamaskin før, og det kan vere vanskeleg for nokon både med synet og forstå kva teksten på skjemaet betyr. Eldrerådet ber om at NAV-Luster drøftar denne problemstillinga, og ynskjer gjerne ein tilbakemelding frå dykk».

Elektroniske bussbilletter på ekspressbussar

Fylkesrådet er lite nøgd med ordninga av elektroniske bussbilletter på ekspressbussane. Det er ein del eldre som fortsatt ikkje har datapraksis. Vi meiner det framleis må vere høve til å kjøpe billetter på ekspressbussane, og dermed vere garantert plass. Samferdslemyndigheitene må ved utlysing av rutene, kunne stille krav til at ein får kjøpe billetter på alle bussar, og gjennom det vere garantert plass.

Utgreiingsrapporten «Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur»

Fylkesrådet for eldre støttar opp om uttalen frå Pensjonistlaget i Selje og Stad, og Sogn og Fjordane pensjonistforbund.

Fylkesrådet for eldre vil på det sterkaste gå i mot forslaget om nedlegging av tannklinikkar. Samfunnsøkonomisk vil det vere lite å vinne på ei slik ordning.

Til regionalt brukarutvalg i Helse Vest vedrørende representantskap

Fylkeseldrerådene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har drøftet representantskapet i Regionalt Brukarutvalg i Helse Vest (RBU) på sin årlige Vestlandskonferanse 26.–27. april 2016 på Sola Strand Hotel.

På denne årlige samlingen ble det diskutert ordning for fylkeseldrerådene representantskap og måten utvalget er sammensatt.

Ulemper ved dagens ordning

- 2 år er kort tid til å komme godt inn i systemet (begynner først å fungere skikkelig etter 1 år)
- Bli ikkje/ønsker ikkje å bli valgt inn i prosjekt/arbeidsgruppe/nettverk - skal skiftes ut etter 2 år
- Alle andre medlemmer i RBU sitter lenger enn 2 år

Vi foreslår

Fylkeseldrerådene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ser det naturlig å bli representert med en representant fra hvert fylke i utvalget og ber derfor Helse Vest om å overveie sammensettingen i utvalget

Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2016

Vedrørende veien videre: fremtidige landskonferanser – diskusjon og forslag til retningslinjer.

Fylkeseldrerådene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har drøftet programpunktet "Veien videre: Fremtidige landskonferanser – diskusjon og forslag til retningslinjer" på sin årlige Vestlandskonferanse 26.–27. april 2016 på Sola Strand Hotel.

Fylkeseldrerådene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil be om at Landskonferansen 2016 drøfte og avklare følgende 3 punkter for organisering av landskonferansen fremadrettet:

1. Statens Seniorråd må være administrerende og teknisk ansvarlig for landskonferansen.
2. Sammensetting av arbeidsutvalg
 - Eldrerådsleder fra de 3 siste arrangementsfylker
 - Sekretær fra siste arrangementsfylke
3. Mandat
 - §1 Styringsgruppe mottar søknader/ønsker om å være arrangør for neste/kommende landskonferanse
 - §2 Rangerer og tildeler neste konferanse blant søknadene
Rangeringen skjer ut fra geografiske forhold, hvem av søkerne som har vært arrangør før av tidligere konferanser og kommunikasjonsmessige forhold.
 - §3 Bistå neste arrangementsfylke med tekniske og praktiske informasjoner

Videre forventes det at det alltid må være avklart for neste år hvor konferansen blir avholdt, så fylkene får to år for å planlegge landskonferansen.

Dvs. i 2016 må det planlegges for 2017 og 2018.

Til Forbrukerrådet

Fylkesrådet for eldre stiller seg undrande til svaret frå NAV, og har ynskje om at når NAV får henvending frå folk som ikkje har nokon til å hjelpe seg med utfylling av skjema, at dei får kontaktinformasjonen til Pasientreiser og at det er høve til å få hjelp der.

Innspel til nasjonal transportplan 2018–2029

- Det må leggest stor vekt på universell utforming. Ha spesielt fokus på fortauskantar på busshaldeplassar i høve til innstiging på bussar, der det må vere lettast mogleg innstiging.
- Der det vert planlagt veg må det også planleggast gang- og sykkelveg. Utbygging må skje samstundes. Vi meiner dette er eit godt folkehelseiltak og i tillegg eit lite bidrag til det «grøne skifte». Fleire kan gå eller nytte sykkel i staden for bil. Dette vert meir aktuelt då fleire tek i bruk El-syklar.
- Rassikring på riksveg 5 mellom Førde og Naustdal (Naustdal – Erdal) må få høg prioritet. Naustdal – Florø må likeeins prioriterast opp i rassikringsplanen. I tillegg rassikring av fylkesveg 609 Førde – Askvoll.

- Vask av tunnelar og kvitmalning av tunnelvegger er eit viktig bidrag som trafikksikringstiltak. Dette må også ha høg prioritet.
- Naudnett må byggast ut i alle tunnelar over 500 m. Dette betyr mykje for tryggleiken til den enkelte bilist.
- Vedlikehald av riksvegar og gang- og sykkelvegar er for dårleg. Det gjeld dekke, lys og brøyting/strøing. Dette må få større fokus.

Til fylkeslegen om fysioterapitenester

Fylkesrådet for eldre er gjort kjend med at pasientar som har vore handsama på sjukehus får med seg ein rekvisisjon for oppfølging hos fysioterapeut når dei reiser heim. Dei må sjølv syte for å skaffe seg plass. Vi har fått melding om at i fleire høve har dei hatt problem med å få time, av ymse årsaker, og i verste fall ikkje fått oppfølging i det heile. Dette er som oftast sårbare pasientar, som er heilt avhengig av oppfølging og hjelp i opptreningsperioden.

Fylkeseldrerådet meiner at dette ikkje er godt nok. Vi ber fylkeslegen sjå nærmare på dette. Det bør vere behandlande lege/fastlege som har ansvar for å skaffe fysioterapeut i opptreningsperioden. Er det vanskar med å få behandling hos fysioterapeut, må pasienten henvisast til institusjon som driv med opptrening, td. Hauglandssenteret.

Innspel til økonomiplan 2017–2020

- Om fylkeskommunen legg ned bygderuter, bør de opprette serviceskyss i desse områda. Fylkesrådet for eldre ser at serviceskyssen kan supplere, der det vert lagt ned bygderuter, for å få tilpassa transporten.
- Tannhelse - viser til tidlegare uttale i møte 2. februar sak 6/16
- Folkehelse er summen av kvar enkelt menneske si helse. Det må leggest til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa. Kommunane har ein sentral rolle med å legge til rette for fysisk aktivitet og gode sosiale møteplassar. Eit sunt kosthald er og eit viktig moment i folkehelseperspektiv. No er det folkehelsekoordinator i nesten alle kommunane i fylket, og det er viktig at dette arbeidet fortset.
- Det er viktig at fylkeskommunen fortset det viktige arbeidet med at eldre og pensjonistar skal få kulturopplevingar der dei oppheld seg, anten det er på institusjon, bueingar eller heime. Det kan vere musikk, teater og anna underhaldning.

Tannhelse og munnpleie for eldre – til fylkestannlegen

Viser til uttalen frå storbykonferansen om tannhelse og munnpleie for eldre, og tannhelse rapporten kapittel 5 pkt. 5.3:

I dag blir pasientar på sjukeheim undersøkte av tannhelsepersonell årleg. Om pasientane treng tannbehandling utover undersøking og førebyggjande behandling må dei som regel få dette på

tannklinikken. Unntaket er Vågsøy kommune som har eit enkelt behandlingsrom for tannhelsepersonell på sjukeheimen, slik at noko tannbehandling kan utførast der.

Eldre pasientar kan vere mindre mobile enn yngre pasientar, og kan som tidlegare nemnt trenge

hyppigare besøk hjå tannpleiar/tannlege. For kommunar som ønskjer å utvikle eit nærare samarbeid med tannhelsetenesta vil modellen frå Vågsøy vere eit godt alternativ.

Til samferdsleavdelinga om rutehefte

Fylkesrådet for eldre har registrert at rutehefte ikkje lenger vert produsert. Leiaren i fylkesrådet har motteke henvending frå eldrerådet i Flora, der det vart gjeve tilbakemelding om at det var fleire som hadde problem med å finne ruteopplysningar. Fylkesrådet for eldre har registrert at det i fleire kommunar er vanskar med å finne fram til ruteopplysningar (dette gjeld ikkje berre dei eldre). Fylkesrådet for eldre oppfordrar til at samferdsleavdelinga går tilbake til den tidlegare ordninga med rutehefte.

Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017–2019

Det er viktig at utkantane ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i desse områda. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle aldersgrupper, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

Strategisk plan for kysten 2017–2025

Fylkesrådet har ikkje noko uttale til planprogrammet, og ser at det kan vere meir interessant når det er konkrete planar til uttale. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet.

Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket

Fylkesrådet for eldre har ikkje merknader til dei nye retningslinjene. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet.

Høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar

Vi støttar at pasientjournalane vert oppbevart i eit sentralt arkiv og at rutinane ved oversending både er sikra og vert følgt opp.

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Fylkesrådet for eldre føreset at dei lovpålagte råda får ein rimeleg geografisk representasjon.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: Utsikt mot deler av Jølster på veg til Grovanipa
Foto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem